

15.12.2020

Budsjett og økonomiplan for Ulstein kommune 2021-2024

Alternativt framlegg frå Ulstein
Framstegsparti

Vedteke på Frp sitt gruppemøte 15.desember 2020

Winter is coming

Dette utsynet er kjent frå TV-serien Game of Thrones, og er eit illevarslande teikn på at vinteren er i anmarsj. At vinteren er på veg betyr magrare og mørkare tider og meir utfordrande kvardagar.

Ulstein kommune har etter mange tiår med ekspansiv vekst der det meste gjekk vår veg, dei siste åra opplevd ein meir og meir krevjande situasjon. Frå å vere ei kommune som hadde inntekter langt over snittet er no kommunen om lag på landssnittet i skatteinntekter.



Scene frå siste sesong av Game of Thrones (HBO)

Reint objektivt sett er det ikkje så verst, og framleis er det berre nokre få kommunar i Møre og Romsdal som har betre skatteinngang enn Ulstein. I tillegg har vi framleis eit stort overskot på arbeidsplassar, god folkehelse og fylkets yngste befolkning. Det vitnar om ei framtidstru og er eit solid fundament å bygge vidare på. Kommunen leverer gode tenester til låge kostnader, og har ikkje særlege utfordringar med å rekruttere dyktige medarbeidarar.

Likevel opplever vi at handlingsrommet vårt vert dårlegare og dårlegare år for år. Problemet er velkjent for alle – vi har ei gjeld som vi ikkje lenger har inntekter til å handtere sidan veksten har stoppa opp. Utfordringa med gjeld er at du ikkje berre kan vedta å kutte den slik ein kan med anna drift når det strammar seg til. Har du først pådrege deg utgiftene er du fastlåst til gjelda er betalt.

At tidene har blitt strammare er heilt tydelig når ein les framlegget til budsjett og økonomiplan frå kommunedirektøren. For å få budsjettet til å gå i balanse vil han nytte alle tre verkemidla han har:

- ✓ Auke inntektene gjennom å auke eignedomsskatten
- ✓ Bruke av sparepengane (fond) til å finansiere underskot på driftsbudsjettet
- ✓ Gjennomføre større kutt som kjem til å opplevast som dramatiske.

Handlingsrommet til dei folkevalde er med andre ord svært avgrensa når alle desse tre verktøya er tekne i bruk på same tid. Mykje tyder på at vi ikkje slepp unna nokon av dei. Den politiske debatten vil nok handle mest om fordelinga mellom desse lite populære grepa. Vi kan uansett ikkje lenger stikke hovudet i sanden og håpe det går over.

Heldigvis veit vi at etter vinteren kjem alltid våren. La oss håpe at denne vinteren ikkje vert alt for lang og mørk, og at den milde og frodige våren som ventar på andre sida er verdt innsatsen i tøffe vintermånader.


Ulsteinvik 15.12.2020

Knut Erik Engh
Ordførar

Alf Johan Antonsen
Gruppeleiar


Del 1 – Økonomisk utvikling

Hausten 2014 fall oljeprisane dramatisk, noko som etter kvart fekk følgjer for vårt lokale næringsliv. Dei første åra hadde verfta fulle ordrebøker og aktiviteten gjekk meir eller mindre som før. Men etter kvart måtte bedriftene seie opp eller permittere dei tilsette sidan ordrebøkene tørka ut. Arbeidsløysa toppa seg i januar 2017 med over 6,1% av arbeidsstyrken som då var heilt ledige. Etter kvart fekk verfta eit fofeste innanfor cruise-næringa og andre spesialfartøy som vindmølle-serviceskip og brønnbåtar. I starten av mars i år såg endeleg tidene litt lysare ut, og arbeidsløysa i Ulstein var for første gang under landsgjennomsnittet sidan mai 2015. Så kom Covid-19 og reiv grunnen under næringa på nytt.




Etter å hatt merkbar dårlegare inntektsutvikling enn andre i 2015 og 2016 så har utviklinga sidan 2017 vore akseptabel for Ulstein kommune. Dette stemmer dårleg med det inntrykket ein får når ein ser på utviklinga i skatteinngangen sett opp mot landsnittet der Ulstein før 2017 hadde skatteinntekter som låg mellom 15-18% over landssnittet, til at ein frå 2017 har ligge om lag på snittet. At inntektene har auka skuldast at den nasjonale veksten i skatteinntekter har vore langt betre enn for Ulstein sin del, at vi har fått full effekt av inntektsutjamningsmodellen som skal sikre kommunane mest mogleg like inntekter.


Utfordringa vår er likevel at kostnadane til å handtere gjelda aukar meir enn inntektene slik figuren under viser.



Dette er vert best synleggjort ved å samanlikne driftsresultatet til kommunen før og etter finanskostnader (brutto og netto driftsresultat). Som det går fram av figuren nedanfor så har Ulstein framleis brukbart **brutto driftsresultat** i motsetning til samanliknbare kommunar, fylket og landet.



Det er først når utgiftene til renter og avdrag vert teke med at Ulstein kommune kjem dårlegare ut. Teknisk beregningsutval anbefalar at kommunane minimum bør ha eit **netto driftsresultat** på 1,75% dersom ein skal oppretthalde kommunens formue over tid. Dei siste 3 åra har vi hatt eit resultat langt under dette målet trass i at kommunestyret har vedtatt dette nivået i sine handlingsreglar. For 2020 vil vi truleg få eit negativt netto driftsresultat på rundt 1-2%




At Ulstein kommune oppnår gode brutto driftsresultat er eit resultat av god og effektiv drift på alle tenesteområda våre. Dette er synleggjort gjennom ulike analyser som er gjort. Sjølv om omsorgstenestene peikar seg ut i særleg positiv retning er det viktig å hugse at også dei andre etatane driv godt. Utfordringa med å ha ei god drift er at handlingsrommet for innsparingar er sterkt avgrensa.


Det finnes svært lite «daukjøt» som kan kuttast for å spare pengar. Skal vi spare pengar på drifta må vi kutte ut tenester eller gjere strukturendringar som aukar produktiviteten.

Gjelda er altså hovudårsaka til at vi ikkje lenger klarer å levere tilfredstillande økonomiske resultat. Difor er det først og fremst her vi må ta grep dersom vi skal kunne snu utviklinga på eigen hand. Utfordringa er at dette ikkje er gjort over natta. Med landets høgste gjeld målt pr innbyggjar og mot driftsinntektene våre så har no Ulstein ei manøvreringsevne som ein supertankar. Frå vi tek grep og endrar kurs så vil det ta lang tid før vi ser resultat.

Ulstein Frp har sidan 2014 peikt på denne utfordringa og har difor også vore forkjemparar for å skyve dei store investeringane ut i tid slik at vi kan starte arbeidet med å betale ned gjelda. Vi hadde ei positiv utvikling i 2018 og 2019 dersom ein måler gjeldsgraden opp mot driftsinntektene. Denne trenden blei dessverre snudd i inneverande år då mellom anna tilbygget til Ulsteinvik barneskule og ny brannstasjon blei vedtek og dermed aukar gjelda til kommunen monaleg.



Trass i at gjeldsgrada gjekk ned i 18 og 19 har likevel kostnadane til renter og avdrag auka. Dette skuldast både at investeringane har blitt ferdigstilt (aktivisert) samt at kommunen har rentesikra store deler av låna sine for å minimere risikoen.




Figuren til venstre viser at sidan 2015 har kostanden til renter og avdrag auka frå 54,4 mill til 74,6 mill. Ein auke på rundt 20 millionar som må finansierast med innsparing i drifta.



Ulstein kommune betalar no omlag 44 millionar kroner meir i renter og avdrag enn vi hadde gjort dersom vi hadde hatt ei gjeld lik snittet blant kommunane.

Ulstein kommune har heldigvis litt fond å tære på, men er eit stykke

unna anbefalinga om at disposisjonsfondet bør utgjere 10% av brutto driftsinntekt. I 2019 var fondet på 6,3% og vil truleg bli sterkt redusert som følgje av resultatet for 2020 som teiknar til å bli dårleg.




I tillegg til eigedomsskatten så er størrelsen på kommunale gebyr noko som opptek innbyggjarane våre. For Ulstein Frp har det vore viktig å halde auken i kommunale avgifter på eit edrueleg nivå. Også her har nivået på investeringar mykje å seie for korleis dette utviklar seg. Ulstein kommune har ei god og trygg vassforsyning og eit godt avløpsnett. Særleg innanfor vannforsyninga har kommunen gjort mykje dei siste åra, og innbyggjarane har fått auka forsyningssikkerheita betydeleg, men det har kosta. No går vi inn i ei periode der det skal investerast mindre og det betyr at avgiftene vil gå ned. I tillegg har vi vore heldige med ei låg styringsrente som får direkte innverknad på gebyret framover. For 2021 skal gebyra på vatn og avløp reduserast med 5%




Del 2 - Samfunnsutviklingstrekka

Sidan 2015 har næringslivet i Ulstein hatt vanskelege kår, og vi ser no at sein-skadane etter årevis med omstilling slår inn på ein del sentrale samfunnsutviklingstrekk som ein må ta omsyn til.

Det viktigaste er at folketalsveksten har stoppa opp. Dei siste 3 åra har ein i realiteten hatt ein liten tilbakegang, noko som også får følgjer for kommunen i form av lågare skatteinntekter og innbyggartilskot.



At veksten har stoppa opp har sjølvsagt samanheng med den høge arbeidsløysa. Sidan sommaren 2019 og fram til mars hadde Ulstein ei utvikling som var svært lovande, men som ein ser av figuren under så har pandemien hatt ekstra store konsekvensar for vår region.




Bustadbygginga i kommunen går ned


Dette har også fått følgjer for bygging av nye bustader og næringsbygg som har gått merkbart ned dei siste åra. Ein ser at det er ein klar fallande trend i talet på nye bustader i Ulstein, men her er heldigvis framleis ein del byggeaktivitet, spesielt i det nye byggefeltet på Legehaugane/Hansvika i Dimna.

Utviklinga i næringslivet vil nok ha stor betydning for kor raskt det nye bustadfeltet på Skeide vil verte omsett. Kommunedirektøren har i sitt framlegg budsjettet med tomtosal for 82,7 millionar fram til 2024. Inntektene skal gå direkte til nedbetaling av gjeld, noko som vil lette driftssituasjonen med ca 3,3 millionar i sparte renter og avdrag pr år.

For 2020 er det kun tal til og med september som er inkludert, men alt tyder på at 2020 vert eit år med relativt låg byggeaktivitet i Ulstein




Dersom ein samanliknar med nabokommunane våre så ser ein at Ulstein samla sett har hatt god aktivitet i perioden, men at det er Ørsta som har størst og mest stabil bustadbygging. Elles er det er verd å merke seg at Volda dei siste åra fått tildelt løyvingar til 194 nye studentbustader over statsbudsjettet (2018 og 2019), så det gjer sjølvstøtt utslag på statistikken.




Økonomisk sosialhjelp har vore høg

Ytelsane til livsopphald (sosialhjelp) gjekk kraftig opp frå 2015 til 2018. I 2019 gjekk den betydeleg ned, og det er budsjettert med ein vidare nedgang i 2020. I følge tilbakemeldingane frå NAV så vil ytingane i 2020 truleg ligge på same nivå som 2019. Dette har ein samanheng med ein strammare arbeidsmarknad som mellom anna gjorde det vanskeleg for ungdom å finne seg sommarjobb dette året.



Fin utvikling i detaljhandelen


Men ikkje alt stoppar opp. Detaljhandelen i Ulstein har hatt ein fin vekst i 2019 og i første halvår i 2020. Omsetninga pr innbyggerar har i denne perioden auka med 10 084 kr/innbygger.




Til samanlikning har omsetninga i Ørsta blitt redusert med 3 380 kr/innbygger medan Volda har auka omsetninga med 4 960 kr pr innbygger i same periode. I tillegg har vi via Ulstein Næringsforum fått rapportar på at også 2.halvår ser veldig bra ut, ikkje minst på grunn av gode sommarmånader. Dette er svært gledeleg sidan veksten lenge stoppa opp. Målt i omsetning pr innbygger er no Ulstein kommune den kommunen som har høgast omsetning pr innbygger i fylket etter at Ålesund slo seg saman med nabokommunene. Vi får stadig vekk høyre frå gode naboar at det er triveleg å handle og nytte restauranttilbodet i Ulsteinvik. Dette er eit uttrykk for at vi har lukkast godt med tettstadsutviklingstrategien vår.

Vi blir fleire eldre og litt færre yngre

Ulstein kommune har fylkets yngste befolkning, men vi blir eldre vi også. Som det går fram av figuren under så ser vi at den delen av befolkninga som aukar er 50+. Gruppa 0-17 år er ganske stabil, men vi går svakt tilbake. Vi ser også at det er mindre tilflytting i denne aldersgruppa, men det kan sjølvsagt snu når næringslivet sin aktivitet tek seg opp att.



Sjølvsagt er fødselstala i kommunen er noko lunde stabile, så merkar ein at det ikkje lenger er så mange som flyttar til kommunen. Dette gjer at ein for dei nyare kulla har færre tilflytta som skal inn i skulen. Dette påverkar sjølvsagt elevtallet, og det er krinsskulane som har den største nedgangen.



Del 3 – Kommentarer til kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett og økonomiplan

Skatt på inntekt og formue

Det er høgst usikre tider i den maritime næringa så det er vanskeleg å spå korleis dette vil slå ut på skatteinngangen. Sjølv om vi har tru på næringslivet si evne til å omstille seg, så veit vi at det er svært krevjande. Med tanke på kommunens stramme driftsrammer bør ein vere svært forsiktig med å ta til inntekt auka skatteinngang, særskilt dersom ein nyttar inntektsauken til å dekke inn auka kostnader eller til å kompensere for mindre inntekter andre stadar (som t.d. redusert eigedomsskatt). Vi sluttar oss difor til kommunedirektøren sitt anslag på skatt og rammetilskot.

Rammetilskot

Rammetilskotet frå staten har til hensikt å jamne ut forskjellane mellom kommunane knytt til demografi og geografi ut frå objektive kriterier. Dette kallast utgiftsutjamning. Ulstein kommune er ei lettdriva kommune med ei ung befolkning, og med eit utgiftsbehov omtrent heilt på snittet. Rammetilskotet har i utgangspunktet få variablar, men dersom ekstraordinære hendingar dukkar opp i løpet av budsjettåret kan rammetilskotet verte endra. Til dømes vil Ulstein kommune bli tildelt vel 7 millionar i tillegg til opprinneleg rammetilskot for 2021 som skal gå til å dekke ekstrakostnader knytt til Covid-19. Ulstein Frp vel å ikkje ta desse til inntekt i budsjettet då vi ikkje kjenner utgiftssida. Vi foreset difor at dette er eit nullsumspel.

Eigedomsskatt

Kommunedirektøren foreslår ei auke i eigedomsskatten frå 1,75 promille i 2020 til 2,75 promille i 2021 og til 3,75 promille i 2023. Maks sats for eigedomsskatt er no 4 promille etter at Frp gjennom sin innsats i regjering har fått gjennomslag for å redusere maks-satsen frå 7 promille. Ulstein Frp har som målsetting å trappe ned eigedomsskatten over tid, og er difor svært kritisk til å auke skatten. Ein konsekvens av å ikkje auke eigedomsskatten er dessverre at ein må gjennomføre betydelege innsparingar, noko som mellom anna inneber endring av skulestruktur. Frp foreslår å ikkje auke eigedomsskatten i 2021.

Avkastning og aksjeutbyte

I framlegget frå kommunedirektøren er det budsjettert med redusert utbytte frå Tussa grunna låge straumprisar etc. På eigarmøtet no i slutten av november kom det likevel fram at Tussa vil få eit godt resultat også i år. Dette skuldast både ein eingongseffekt knytt til fusjon av kraftomsetningsleddet og at dei andre forretningsområda har levert svært gode resultat. Vidare viser prognosene at selskapet vil levere gode resultat også i åra framover. Vi vil difor auke forventna utbytte frå Tussa med 1.000.000 i 2021 og 500.000 i dei påfølgande åra

Brukarbetaling

Framstegspartiet er positiv til å auke brukarbetalinga for ulike kommunale ytelsar med i gjennomsnitt 5% i 2021. Dette vil gi kommunen ca 1 million kroner i auke inntekter, og må sjåast i samanheng med med at vi foreslår å ikkje auke eigedomsskatten i 2021.

Disposisjonsfond

Framstegspartiet er i utgangspunktet kritisk til å bruke av kommunens disposisjonsfond. Kommunen bør ha som mål å bygge driftsfondet til 10% av brutto driftsinntekter (BDI) slik anbefalingane frå TBU er. I dag er fondet på ca 6,3% av BDI, men dette vil gå betydeleg ned som følge av eit varsla underskot på ca 15 millionar for 2020 samt at kommunedirektøren vil bruke 6,5 millionar til å balansere budsjettet. Vi forslår i tillegg å bruke 1,8 millionar i 2021 og 0,6 millionar i 2022 for deretter å sette av tilsaman 6,8 millionar i dei 2 siste åra. Samla vert fondet styrka med 4,5 millionar samanlikna med kommunedirektøren sitt framlegg.

Investeringar

Ulstein Framstegsparti er nøgd med at kommunedirektøren ikkje foreslår nokon større investeringar i 2021, og at investeringane innanfor VAR området går ned. Sidan kommunen no skal gjennom store nedskjeringar og mest truleg også må auke eigedomsskatten noko, så er det for Framstegspartiet ikkje aktuelt å sette fart på å flytte ut av dagens rådhus. Vi foreslår difor at det vert teke ut av planen, men at ein framleis kan jobbe vidare med planlegginga. Vi føreset at dagens rådhus går mot slutten av levetida og at ein framover ikkje bør gjennomføre særlege investeringar/påkostingar.

Gjeldsutviklinga

For å få eit større handlingsrom i åra som kjem er det heilt avgjerande å få redusere kommunens gjeld. Dette er utfordrande, og vil krevje tolmod og evna til å seie nei til gode tiltak.

Dagens handlingsregel knytta til gjeld, er at kommunen innan 15 år skal ha ei gjeldsgrad tilsvarande snittet i Møre og Romsdal. Denne handlingsregelen er ikkje eigna som styringsmål, og seier eigentleg ingenting anna enn at vi har eit behov for å redusere gjelda vår. Det er difor behov for ein ny handlingsregel som er meir konkret og eigna som styringsverktøy. Alternative handlingsreglar kan vere:

- **Gjelda i Ulstein kommune (konsern) skal ikkje overstige 1,5 mrd NOK**
Dette inneber at ambisjonen er å ikkje auke gjelda, og at gjeldsgraden minkar gjennom at kommunens inntekter naturleg går opp.
- **Gjeldsgraden til Ulstein kommune (konsern) skal reduserast med minst 5% kvart år**
Ulempa med denne modellen er at det er vanskeleg å berekne handlingsrommet i budsjettarbeidet sidan kommunens samla inntekter ikkje er kjent før rekneskapsavslutning.
- **Maksimalt låneopptak innanfor ei 4 års periode skal ikkje overstige 100 millionar.**
I dag betalar vi ca 48 millionar i avdrag i året. Ein slik handlingsregel vil kunne redusere gjelda vår med ca 25 millionar pr år.

Innsparingar

Kommunedirektøren har pålagt seg sjølv innparing på 3 millionar i 2021, 9,5 millionar i 2022 og 15 millionar i 2023. Samla vert dette innparingar på 42,5 millionar i perioden. Administrasjonen har lagt fram ei innparingsliste som til saman inneheld innparingar på 63,3 millionar, det vil seie innparingar for ytterlegare 21 millionar utover det han sjølv har teke til inntekt i sitt framlegg. Innsparingslista er omfattande og dramatisk og inneber mellom anna kutt i skulestruktur som til saman utgjør forventa innparing på 20,7 millionar i perioden.

Til samanlikning utgjør inntektsauken for eigedomsskatten 47,3 millionar. Det betyr at sjølv om ein gjennomfører alle kutt som er foreslått så vil ein framleis mangle 26,3 millionar i perioden dersom ein ikkje skal auke eigedomsskatten i det heile.

Ulstein Frp har gått til val på at vi ikkje skal auke eigedomsskatten, men at vi har som mål å trappe den ned over tid. Vi har også gått til val på at vi ikkje skal endre skulestrukturen. No må vi velje mellom pest og kolera, for vi klarer ikkje å innfri begge deler.

Vi vel difor å prioritere å ikkje auke eigedomsskatten i 2021, men har ikkje funne plass til å kutte auken i 2022.

Vi ønskjer heller ikkje å endre skulestrukturen, men sidan det ikkje finnes alternative innsparingstiltak til å dekke inn kostnaden ved å oppretthalde skulane så vel vi i denne omgang å oppretthalde innparingstiltaket. Vi vil likevel be administrasjonen om å sjå på alternative innsparingstiltak som kan gjere det mogleg å unngå endring i skulestrukturen.

Av tiltak som vi ikkje vil spare på så er det spesielt knytt til vikarbruk i pleie og omsorg, samt at vi vil behalde MOT. Vi har heller ikkje teke inn auka inntekter som følgje av busetting av fleire flykningar då dette etter vårt syn ikkje er forsvarleg dersom vi skal kunne tilby gode nok vilkår for ei vellukka integrering. Dette har samanheng med eit stramt arbeidsmarknad som gjer at ein mest truleg ikkje vil lukkast med å få dei nye og mange av dei eksisterande flyktingane ut i arbeid.

Del 4 – Våre endringsforslag

Vi foreslår følgende endringer til kommunedirektørens framlegg:

Tiltak	2021	2022	2023	2024	I perioden
Tilbakeføring av auke i eigedomskatt 2021	6 750 000	6 750 000	6 750 000	6 750 000	27 000 000
Provenyauke eigedomsskatt (antall objekt + prisvekst)	-350 000	-600 000	-800 000	-1 000 000	-2 750 000
Auke i brukarbetaling 5% i snitt	-1 000 000	-1 000 000	-1 000 000	-1 000 000	-4 000 000
Tussa - ikkje redusert utbytte	-1 000 000	-500 000	-500 000	-500 000	-2 500 000
Auka innsparingskrav jf. Innsparingsliste - uprioriterte tiltak	-1 155 500	-2 422 000	-4 472 000	-4 472 000	-12 521 500
Tilbakeføring av pensjonskostnader frå KLP - Ulstein kommune		-2 129 000	-4 258 000	-4 258 000	-10 645 000
Tilbakeføring av pensjonskostnader frå KLP - UEKF	-1 200 000	-1 182 000			-2 382 000
Tilbakeføring av pensjonskostnader frå KLP - Ulstein sokn	-200 000	-375 000			-575 000
Bruk av fond (-) / avsetning til fond (+)	-1 844 500	1 458 000	4 280 000	4 480 000	8 373 500
Sum endringar	0	0	0	0	0
Kommunedirektørens framlegg til avsetning (+)/bruk (-) av disp.fondet	-6 426 708	2 666 495	5 399 017	4 365 671	6 004 475
Ny avsetning til disposisjonsfondet	-8 271 208	4 124 495	9 679 017	8 845 671	14 377 975

Uprioriterte innsparingstiltak: (teke ut av lista)	2021	2022	2023	2024	I perioden
Reduksjon i bruk av vikartenester omsorg sone 1,2,3 og 4	1 200 000	1 200 000	1 200 000	1 200 000	4 800 000
Oppseiing av MOT		350 000	350 000	350 000	1 050 000
Ikkje reduksjon av opningstid på Bell ungdomsklubb	50 000	100 000	100 000	100 000	350 000
Auke i nettoinntekt flyktingar (auke i busetting)	800 000	700 000	600 000		2 100 000
Sum uprioriterte innsparingstiltak	2 050 000	2 350 000	2 250 000	1 650 000	8 300 000

Verbalframlegg

- a) Ulstein kommunestyre viser til lista over innsparingstiltak frå administrasjonen. Tiltaka som får effekt for 2021 kan setjast i verk omgåande. Kommunestyret ber administrasjonen om å utgreie ytterlegare innsparingstiltak for 2022 og utover i perioden som alternativ til å endre skulestrukturen. Administrasjonen får mynde til å hente inn ekstern bistand til å konkretisere desse innsparingane. Kommunestyret ber administrasjonen om å sjå på følgande tiltak (som eit minimum):

- Reduksjon av kjøp av varer og tenester, inkludert vurdering av innkjøpsavtaler og innkjøpspraksis.
- Reduksjon av tenestenivå eller fjerning av tenestetilbod.
- Reduksjon av stillingar gjennom digitalisering og endra organisering.

Kommunestyret ber vidare om at administrasjonen på første kommunestyremøte i 2021 legg fram ein prosessplan som sikrar god medverknad frå innbyggjarar, tilsette og folkevalde på dei store omstillingstiltaka (eksisterande og nye) som har verknad frå 2022.

- b) Kommunestyret ber om at investeringstiltaket Rådhusfunksjon vert teke ut av investeringsbudsjettet for inneverande periode. Kommunestyret erkjenner likevel at dagens rådhus går mot slutten av levetida, og at det heller ikkje er eigna for framtida. Kommunestyret er difor positive til at ein jobbar vidare med utgreiing av korleis framtidas rådhus kan organiserast og om eit rådhus kan samlokalisrast/sambrukast med andre.
- c) Kommunestyret er i utgangspunktet positive til at det vert etablert ein privat turnhall i tilknytning til Ulsteinhallen der ein dreg nytte av felles infrastruktur og servicefunksjonar. Kommunestyret ser likevel at det ligg ein del uavklara ansvarsforhold knytt til gjennomføring og drift, samt ein ikkje ubetydeleg risiko for at kommunen og/eller Hødd Turn kan bli påført ekstra kostnader som det ikkje er teke høgde for så langt i prosjektet. Kommunestyret ber difor om at desse forholda vert vidare utgreidd før ein tek endeleg stilling til prosjektet i ei eiga sak.
- d) Kommunestyret ser behov for å vedta nye finansielle måltall for Ulstein kommune. Grunnen er at dagens stramme driftssituasjon ikkje gir rom for å etterleve dagens krav til resultat, og at dagens handlingsregel knytt til gjeldsutvikling er uklar og ikkje eigna som styringsmål. Nye finansielle måltall bør også omfatte måltall for kommunens driftsfond. Ein slik gjennomgang må også omfatte forventa utvikling i eigedomsskatten.
- e) Kommunestyret viser til at frivillig arbeid er og vil framleis vere ein viktig ressurs for kommunen. For å styrke inkluderinga av nye innbyggjarar og for å motverke utanforskap ber kommunestyret om at frivilligsentralen vert lagt under avdeling for inkludering og mangfald (IMU)